



Even Askeland
Mykingvegen 160
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2527 - 15/22024

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
12.06.2015

Svar på søknad om avkjørsle - gbnr 213/44 Eikanger nedre

Teknisk drift syner til søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle i delings sak på gbnr 213/44 til ny bustadtomt med 1 bueining datert 03.06.2015.

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje løyve til etablering av avkjørsle frå kommunal veg for 1 bustadeining (ny bustadtomt) på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle (minimum 200mm) og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktzone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.
- Ytterligere informasjon vedkomande tekniske krav finn ein på www.lovdato.no og www.vegvesen.no
- Ei føresetnad for løyve er at det vert gitt delingsløyve for etablering av ny bustadtomt.

Vi gjer merksam på at løyve til avkjørsle gjeld berre tilknytning til kommunal veg. Bygging /utbetring av avkjørsle treng eget løyve frå byggesak.

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», samt vegnormal N100 at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentlig veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Løyve er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på vilkår som nemnt ovanfor.



Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Avdelingsleiar delingssaker
sakshandsamar delingssaker
Fagleiar veg



- | | | |
|--------------------------|--------------------------|------------------|
| — · Avlop felles | Udefinert grenser | ■ Hytte/feriehus |
| — · Drensledning | ? Terrengmålte grense | ■ Garasje/uthus |
| — · Overvann | ⊙ Konstruert grensepunkt | ■ Industri/lager |
| → Pumpeledning spillvann | □ Bolig | ■ Andre bygg |
| → Pumpeledning vann | □ Bustad m/leilighet | |
| — · Spillvann | □ Våningshus | |
| — · Vannledning | ■ Større bustader | |

Beliggenhet og høyder må oppfattes som orienterende.



Lindås kommune
Geodata avdeling



Dato: 2015.06.12
Sign: lili

Målestokk
1:250



Even Askeland
Mykingvegen 160
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2527 - 15/23755

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
29.06.2015

Gbnr 213/44 Eikanger nedre. Løyve til deling av grunneigedom, tomt til bustad.

Eigedom:	Gnr.213 bnr.44 Eikanger nedre
Adresse for eiged.	Nedre Eikanger 86, 5913 Eikangervåg
Type tiltak:	Deling av eigedom, tomt til bustad
Heimelshavar:	Even Askeland
Søker:	Even Askeland

Saka gjeld:

Gnr.213 bnr.44 er ein eksisterande bustadeigedom. Tomtegrunnen er 2000m². Det vert søkt om løyve til å dele frå om lag 800m². Den nye tomta skal nyttast til å føre opp nytt bustadhus. Kjøpar er Majo Eigedom. Munnleg har søker grunngjeve tiltaket med at for å få grunnlag for å utbetre tilkomsten til alle bustadar og fritidseigedommar på staden, er det naudsynt å auke talet på partar som kan vere med å finansiere den nye vegen.

Planstatus/dispensasjonar:

I gjeldande plan er området der 213/44 ligg delvis sett av til fritidsbustader, delvis til bustader og delvis til fortetting. 213/44 er sett av til fritidsføre mål, men er bygget med ein heilårsbustad. Målet med frådelling er å få tomt til ein heilårsbustad.

Kommunen vurderer at det ikkje er naudsynt med dispensasjon frå gjeldande plan. Dette vert grunngjeve med at heile området har eit «blanda føremål», og at ny tomt for bustad ikkje kjem i konflikt med tilhøva på staden slik dei framstår i dag.

Nabovarsling:

Naboane har fått varsel om tiltaket, men har ikkje hatt merknadar å komme med.

Tilkomst:

Det er skissert tilkomst til ny tomt via eksisterande veg til eigedommen. Det er utkøyring til kommunal veg. Det er søkt om løyve til å opprette ny utkøyring for 213/44, og kommunen har gjeve slikt løyve, på vilkår av at utkøyringa vert utforma i samsvar med retningslinene. Denne nye utkøyringa skal nyttast av den eksisterande bustaden.

Vassforsyning og avløp:

Det er offentlig vassverk på staden og ny bustad skal kopla seg til dette. Avløp er til offentlig leidning på staden.

Det er ikkje naudsynt å sende saka på høyring til andre mynde.

VEDTAK:

Med heimel i pbl §20-1 bokstav m), jf. §26-1 gjev Lindås kommune løyve til å dele gnr.213 bnr.44 slik at det vert oppretta ny parsell for bustadbygging på om lag 800m². Dette er i samsvar med søknad registrert i kommunen 11.06.2015.

Grunngjeving for vedtaket:

Kommunen vurderer søknad om deling etter pbl §§20-1 og 26-1:

«Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med denne lova, forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn er mindre vel eigna til bygging på grunn av storleik eller form.»

Det gjeld spørsmålet om å få dele ein eksisterande bustadtomt i to. Føremålet er å opprette ein bustadtomt til. Området det tiltaket ligg er i gjeldande føremål sett av til eit blanda føremål. Gnr.213 bnr.28 fnr.2 er sett av til bustadføremål. Dette er nabo til den eigedommen det her gjeld.

Gnr.213 bnr.44 som denne saka gjeld, er sett av til fritidsføremål, men er ifølgje matrikkelen nytta til heilårsbustad. Elles er området sett av til fritidsføremål og bustader, samt areal til fortetting.

Kommunen vurderer dette slik at det ikkje er nemnande i strid med gjeldande plan å gje løyve til å opprette ein tomt for heilårsbustad. Det er offentlig vatn og avløp på staden og det er gjeve løyve til å ordne til ny utkøyring til den eksisterande bustaden. Ny bustad skal nytte eksisterande avkøyring.

Grense for ny eigedom vert trekt tett på det eksisterande huset. Tomta er likevel tilnærma flat. Den er om lag 43 meter lang og 17 meter brei på det smalaste. Det vert vurdert å vere mogeleg å plassere nytt bustadhus innanfor dei rammene som lova sett for avstand til veg og nabo.

Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentligrettslege føresegner gjeve i eller i medhald av pbl. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling av eigedommen gjeve av kommunen med heimel i plan- og bygningslova.

Bortfall av løyve:

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyvet til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. pbl §21-9.

Gebyr:

Etter gebyrregulativet til kommunen vedteke 11.12.2015, gjeldande frå 01.01.2015, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Deling i samsvar med arealføremålet, uregulert område kr.6200,-

Mynde:

Saka er handsama og avgjort av Planavdelinga i høve til delegert mynde.

AVTALE

om rett til privat veg over Gnr 213 bnr 4 , 7 og 28 på Nedre Eikanger

for eigedomane bnr 44,55 og tomtene som vert delt fra 44og55.tilhøyrande Even Askaland.

Avtale gjeld

Vegdel 1: rett til bruk av ca xx m eksisterande gardsveg frå kommunal snuplass til avkjøring til regulert område på tidlegare idrettsplass. Vegen er omtalt som nr 2 i vegskjønn frå 19.november 1957 og jordskifterett 26.oktober 1981. Veggrunnen ligg på bnr 4 ,7og 28

Vegdel 2: rett til bruk av ca xx m eksisterande reguleringsveg veg frå gardsvegen over over bnr 28 og fram til eigen tomt 44,55 og xx. Vegen er omtalt som trafikkområde i reguleringsføresegner frå 12.1.1978 for hyttegrend på 213/ 28 og del av bnr 4.

Opparbeiding og vedlikehald

Brukar må delta med skjønnsmessig andel i vedlikehald og evt oppgradering av vegstandardane. Tidlegare avsagte skjønn og reguleringsføresegner kan nyttast som grunnlag for fordeling. Som delingsforhold mellom hytter og bustader kan nyt En for delingsnøkkel Hytte 0,3 og Bustad 1. Endra bruk gjev grunnlag for ny vurdering, men betalte bidrag vert ikkje endra om det kjem til nye brukarar.


Eigarskifte og andre endringar

Bruksretten kan overførast til nyee eigarar ved sal eller ved oppdeling av dei aktuelle parsellane. Vesentlege endringar i bruk eller ved frådeling av eigne tomtar krev justering av plikter i fellesvegane.

Tvist

Eit fleirtal av brukarane avgjer iverksetjing av vedlikehald, utbetring og fordeling . Usemje om arbeid eller forståing av avtalen kan avgjerast av lensmannen i Lindås og Meland om ein av partane krev det . Tapande part dekkar sakskostnader.

Dato	22.05.2015	Bnr 4	Dag Eivind Hagesæter	<u>Dag E. Hagesæter</u>
Dato	22.05.2015	Bnr 7	Kjersti Furnes Soltvedt	<u>Kjersti F. Soltvedt</u>
Dato	22.05.2015	Bnr 7	Marlon Soltvedt	<u>Marlon Soltvedt</u>
Dato	22.05.2015	Bnr 28	Erik Hagesæter	<u>Erik Hagesæter</u>
Dato	22.05.2015	Bnr 44	Even Askaland	<u>Even Askaland</u>
Dato	22.05.2015	Bnr xx	Even Askaland	<u>Even Askaland</u>



Veg Avtale

Bnr 4 Sag Eivind Hagesæter *Dag Eivind Hagesæter*
 Bnr 7 Kjersti Furnes Soltvedt *Kjersti F. Soltvedt*
 Bnr 7 Marlon Soltvedt *Marlon Soltvedt*
 Bnr 28 Erik Hagesæter *Erik Hagesæter*
 Bnr 44 Even Askeland *Even Askeland*
 Bnr xx Even Askeland *Even Askeland*

- Målte Grenser
- Registrerte Grenser
- Udefinert grenser
- Terrengmålte grense
- Konstruert grensepunkt
- Bolig
- Bustad m/leilighet
- Våningshus
- Storre bustader
- Hytte/feriehuis
- Garasje/utllis
- Industri/lager
- Andre bygg

Dato 22.05.2015
 Dato 22.05.2015
 Dato 22.05.2015
 Dato 22.05.2015
 Dato 22.05.2015

Beliggenhet og høyder må oppfattes som orienterende.



Lindås kommune
 Geodata avdeling

Grunnkart 2009.

Dato: 2014.12.16
 Sign: SSO

G.nr. 213, b.nr. 28.



Målestokk
 1:1000

Partsliste (naboar, bruksretts- og servitutthavarar, og andre som er varsla)

Trengst ikkje fyllast ut dersom partsliste følger som eige vedlegg, alternativt kan kvitteringsskjema for rekommandert postsending nyttast.

Namn: <i>Dag Einar Høyseter</i>		Adresse:		Namn:		Adresse:	
Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr): <i>213.4</i>		Partsstilling:		Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr):		Partsstilling:	
Stad: <i>Eikanger</i>	Dato: <i>28/11/15</i>	Underskrift: <i>Dag E. Høyseter</i>		Stad:	Dato:	Underskrift:	
Namn: <i>KJERSTI F. SOLTVEIT</i>		Adresse:		Namn:		Adresse:	
Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr): <i>213 7</i>		Partsstilling: <i>nabo</i>		Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr):		Partsstilling:	
Stad: <i>Eikanger</i>	Dato: <i>02/12-15</i>	Underskrift: <i>Kjersti F. Soltveit</i>		Stad:	Dato:	Underskrift:	
Namn: <i>Erik Høyseter</i>		Adresse:		Namn:		Adresse:	
Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr): <i>213 28</i>		Partsstilling:		Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr):		Partsstilling:	
Stad:	Dato:	Underskrift: <i>Erik Høyseter</i>		Stad:	Dato:	Underskrift:	
Namn: <i>Bjørn Ramseth</i>		Adresse:		Namn:		Adresse:	
Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr): <i>213 60</i>		Partsstilling:		Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr):		Partsstilling:	
Stad:	Dato:	Underskrift:		Stad:	Dato:	Underskrift:	
Namn: <i>Bjarthe Askeland</i>		Adresse:		Namn:		Adresse:	
Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr): <i>213 28 2</i>		Partsstilling:		Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr):		Partsstilling:	
Stad: <i>Eikanger</i>	Dato: <i>28/11</i>	Underskrift: <i>[Signature]</i>		Stad:	Dato:	Underskrift:	
Namn: <i>Bjarthe Askeland</i>		Adresse:		Namn:		Adresse:	
Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr): <i>213 28 3</i>		Partsstilling:		Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr):		Partsstilling:	
Stad: <i>Eikanger</i>	Dato: <i>28/11 15</i>	Underskrift: <i>[Signature]</i>		Stad:	Dato:	Underskrift:	
Namn:		Adresse:		Namn:		Adresse:	
Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr):		Partsstilling:		Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr):		Partsstilling:	
Stad:	Dato:	Underskrift:		Stad:	Dato:	Underskrift:	



Knarvik Post i Butikk
Høy Knarvik
Postboks 216
5903 Isdalstø
Org.nr. 979679971 HVA

Ant. Varetekst. Beløp HVA

1 Rek Snå Innland kr 140,00 25%

(BJØRN ARNSTEIN RAHSLI)

(HETLEVIKASEN 348A)

(5173)

(LODDEFJORD)

(Vekt Manuell: 0,043 kg)

(Destinasjon: Norge)

(Nr.: RA008586388NO)

Denne del klistres på kvittering

Total RA 0085 8638 8NO kr 140,00

Kortbetaling kr 140,00

Hva sat	Grunnlag	Hva sun
25%	kr 112,00	kr 28,00

Termin: 14950915-600291 Ref.: 861427 032561 IA1
Resp.: 00

BankAxept
*****51389-2 KJØP
AID: D5780000021010 NOK 140,00
TUR: 8000048000
TST: 6800 GODKJENT

2015-12-03 12:24

Bongnr. 47-19079-1-113989-2
Dato Tid Kasse
03.12.2015 12:24:56 KASSE1

Signatur



47-19079-1-113989-2